



BYGGADMINISTRASJON

Harald Bjørndal a.s.

PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING- KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING

Meland Kommune
Pb 79.
5906 FREKKHAUG
v/Anne Lise Næs Olsen

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN
TLF: 56 58 11 30
Faks: 56 58 11 99

post@byggadmin.no

Dato: 16.06.2015

Søknad om endring av vedteken reguleringsplan for Moldekleiv, Austbygda. Arealplanid: 125619780001 sak nr. 3/80.

Ein viser til vedteken reguleringsplan for Moldekleiv vedtatt 16.01.1998 med mindre endring vedtatt 30.08.2011. I samband med utbygging av veg 9 i vedteken plan er veg etablert utan å vere i samsvar med vedteken plan. Dette gjeld både i plan og kurvatur. I vedteken plan frå 1980 er vegen regulert med anvisningar om høgde. Anvisningane viser 10 meter høgdeforskjell (frå kote 40 til kote 50) over ei lengde på 80 meter. Dette gir ein omrentleg planlagt stigning lik 12,5 %. Eksisterande veg er bygd med stigning på det meste lik 16,9 % over ein strekning på om lag 30 meter. Både vedteken plan og nytt planforslag har ei regulert vegbreidd på 4,0 meter.

Saka er sendt til Lindås og Meland Brannvern for uttale ang. stigning på vegen. Deira uttale vil bli ettersendt. Vi får svar i løpet av veke 26. Vegen er regulert som privat / felles veg og skal dermed ikkje overleverast til kommunen for drift og vedlikehald.

Endring av vegen i planet har inga konsekvensar då Tiltakshaver er grunneigar på det arealet som i forslag til plan vert endra frå bustadareal til vegareal. Men største tillat stigninga på vegen må avklarast i den vidare sakshandsaminga. Vegen kan ikkje byggjast brattare enn at ein kjem fram med utrykkingskjøretøy som brannbil og liknande. Deira merknad vert dermed, etter vår meining avgjerande for stigningsforholdet på vegen, men får ikkje noko betydning for vegen sin plassering i planet.

Gjeldande vedtekter vert ikkje endra.

Vi ber om at Meland kommune handsamer denne søknaden om endring av reguleringsplan for Moldekleiv.

Med vennleg helsing

André Bjørndal

André Bjørndal
Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

Privat:

Harald Bjørndal
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen
tlf: 56585119 mob: 970 63 526

André Bjørndal
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen
tlf: 56581008 mob: 950 42 104

Org. nr: 992238755